

MØTEBOK - TITTELARK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
19.09.2019

Tilstades på møtet

Medlemer: Anny Berthelsen, Bjørn Helge Olsen, Anita Bakke, Arne Lerøy, Svein Tomas Villanger, Rune Minde

Varamedlemer: Inger Synnevåg.

Andre: Kommunal representant : Jorund Stelberg
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Helge Dyrkolbotn, Sylvelin Fønnes, Britt Ystebø.

Kine Lerøy møtte ikkje.

Saker til førehaving:
F – 20/19 – F – 23/19

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 20/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

F – 21/19 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Bjørn Helge Olsen og Inger Synnevåg.

F – 22/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 13.06.2019:

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 13.06.2019 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 13.06.2019 vart godkjent utan merknader.

F – 23/19 ORIENTERINGSSAKER:

- Status for framdrifta av bærekonstruksjonane i kyrkja.
- Orientering om førebels innretning på budsjettet for 2020 og møte økonomisjefen.
- Orientering om engasjement som kyrkjeverje på Fedje.

Sagt i møtet:

Vedk bærekonstruksjonane:

Billigaste tilbodet i prosessen rundt reperasjon av bærekonstruksjonane i kyrkja er ikkje nødvendigvis ikkje det beste. Multiconsult bør vera med i prosessen når firma som får tilbodet vert velt ut. Ha løpande kontakt med teknisk avdeling i kommunen.

Vedk gjevartenesta:

Vi treng å få ut ny informasjon om gjevartenesta, ikkje som ein kampanje men som eit supplement i forhold til Amelie si stilling. Ønskje om oversikt på kor mykje av gjevartenesta som vert brukt på trusopplæring sett i forhold til kor mykje vi får i trusopplæringsmidlar.

MØTEBOK - TITTELARK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
19.09.2019

Tilstades på møtet

Medlemer: Anny Berthelsen, Bjørn Helge Olsen, Anita Bakke, Arne Lerøy, Svein Tomas Villanger, Rune Minde

Varamedlemer: Inger Synnevåg.

Andre: Kommunal representant : Jorund Stelberg gjekk før soknerådsmøtet starta.-
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Helge Dyrkolbotn, Sylvelin Fønnes, Britt Ystebø.

Desse møtte ikkje: Kine Lerøy.

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 17/19– S 21/19

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 17/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S – 18/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 13.06.2019:

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 13.06.2019 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 13.06.2019 vart godkjent utan merknader.

S – 19/19 ORIENTERING OM KYRKJEVALET

Kyrkjeverja orienterer om resultatet av kyrkjevalet, både for Austrheim sokn og for bispedømerådsvalet. Det vert også gitt ei orientering om valdeltalkinga i år i forhold til for 4 år sidan.

Sagt i møtet:

Til neste val: Ønskje om ei avklaring på om det er mogeleg at førehandsrøysting kan gå føre seg på kommunehuset? Kunne lagt til rette for ei meir omfattande førehandsrøysting.

S – 20/19 DIAKONINEMDA OG ROSEPROSJEKTET

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd ønskjer at forholda vert lagt til rette for at diakoninemda får halda fram med roseprosjektet og ber administrasjonen om å finna ei tilfredsstillande ordning for dette i samarbeid med diakoninemda. Soknerådet takkar diakoninemda for den flotte innsatsen som vert lagt ned med roseombæring og besøk.

Vedtak:

Austrheim sokneråd ønskjer at forholda vert lagt til rette for at diakoninemda får halda fram med roseprosjektet og ber administrasjonen om å finna ei tilfredsstillande ordning for dette i samarbeid med diakoninemda.

Soknerådet takkar diakoninemda for den flotte innsatsen som vert lagt ned med roseombæring og besøk.

Sagt i møtet:

Når blomsterbutikken no gjer seg, er det ønskeleg at kyrkjekontoret tek ansvar for innkjøp av roser. Desse kan kjøpast inn på coopen. Istadenfor at det vert

henta inn roser på blomsterbutikken, kan dei istadenfor hentast her på kyrkjelydshuset. Vi kjøper inn små støttebeholdningar av plast.

Bakgrunn:

Diakoninemda har kontakta kyrkjevevja og spurt om vegen vidare for roseombæringa med besøk til dei eldre som er over 80 år. Grunnen til at det vart tatt kontakt er at blomsterbutikken på Mastrevik Torg legg ned drifta seinare i haust. Dermed vert det meir utfordrande å skaffa roser med den kvaliteten ein tidlegare har vore van med. Diakoninemda er usikre på korleis ein skal forhalda seg til dette. I verste fall tenkjer ein å leggja ned heile roseombæringa.

AU har drøfta saka. Først og fremst ønskjer ein å retta ein stor takk til diakoninemda for den innsatsen som dei legg ned for dei eldre i soknet. Dette er ei teneste som det vert sett stor pris på og som mange er glade for. På møtet i AU vart det foreslått at ein kan leggja til rette for det vert kjøpt bukettar på Coop Prix Austrheim og at ein gjerne kan kombinera innkjøp her med innkjøp av blomar til gudstenester. Saka vert lagt fram til vidare drøfting i soknerådet.

S – 21/19 NY DATO FOR KONSTITUERANDE MØTE I SOKNERÅDET

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd endrar datoen for det konstituerande møtet for det nye soknerådet frå 31. oktober til 6.november.

Vedtak:

Austrheim sokneråd endrar datoen for det konstituerande møtet for det nye soknerådet frå 31. oktober til 6.november.

Bakgrunn:

Ifølgje oppsett møteplan skulle det nye soknerådet tre i funksjon med verknad frå møtet den 31.oktober 2019. Det syner seg at det nye kommunestyret konstituerar seg same dato. Sidan det er fleire av kandidatane til soknerådslista som også er aktuelle for kommunestyret, så hadde AU eit ønskje om at datoen for det konstituerande møtet vert flytta til 6.november. Det er då ønskjeleg at det gamle soknerådet vert med på første delen av dette møtet.

Opplyst om i møtet:

Prosten kjem på prostebesøk til gudstenesta 3.nov. Han skal også treffa det nye og det gamle soknerådet i eit felles møte onsdag 6.november.